



Ing. Taule as
Kvassnesvn 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/770 - 15/12669

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
27.10.2015

Byggesak gbnr 79/21 Tjore nedre - tomannsbustad - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan - melding om vedtak

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 30.09.2015 der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gitt dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket kan plasserast i som vist i reguleringsplan og illustrasjonsplan med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.*
- 2. Det vert føresett at det vert søkt om rammeløyve for tomannsbustad i samsvar med krav i Tek10.*
- 3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Der vert føresett at siktline mot fv 565 vert utbetra mot nord og at utkjørselen vert opparbeid i samsvar med veglova.*
- 4. Det må etablerast gangsti frå bnr 19 mot nord fram til gangbru over fv 565 før det vert gitt ferdigattest. Gangstien er mellombels og kravet fell bort når veg og bustader i reguleringsplanen for området vert utbygd.*
- 5. Tiltaket skal knytast til kommunal vassleidning når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.*
- 6. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg når ny infrastruktur er på plass og opparbeidd for det nye feltet.*
- 7. Eksisterande byggjestil må leggest til grunn for bustadbygging i det aktuelle området.*

Grunngjevinga følgjer av saksframstillinga. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål

om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonssak gbnr 79/21 Tjore Nedre - tomannsbustad - dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan - 2. gongs handsaming

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - søknad om dispensasjon

Dispensasjonssak gbnr 79/21 Tjore Nedre - tomannsbustad - dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan

Uttale disp 79-21 Radøy

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - vedr uttale til dispensasjon

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - søknad om dispensasjon

Illustrasjonsplan

SøkDisp79-21

Mottakarar:

| | | | |
|------------------------------|---------------|------|-----------|
| Ing. Taule as | Kvassnesvn 33 | 5914 | ISDALSTØ |
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | Leikanger |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |